

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Møtoreferat

Møte: Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde (nr. 2/2020)

Dato: 12.06.2020

Stad: Halsekervegen 20 i Ulsteinvik

Møtetid: Kl. 11.30-14.00

Til stades:

Hareid kommune ved kommunalsjef Nils-Arne Skagøy (leiar LSU)

Sande kommune ved helse- og omsorgssjef Bård Dalen

Ulstein kommune ved kommunalsjef Marit Botnen

Vanylven kommune ved kommuneoverlege Cecilie Oppedal

Volda kommune ved helse og omsorgssjef Svein Berg Rusten

Ørsta kommune ved stableiar tildeling og koordinering Oddvar Marøy

HMR – Volda sjukehus ved klinikkssjef stadleg klinikk Volda Palma Hånes

HMR – Volda sjukehus ved seksjonsleiar ved kirurgisk ortopedisk sengepost Aina Torine Rangsæter

HMR – Volda sjukehus ved lungesjukepleiar Idun Bakke Liaskar

HMR – Volda sjukehus seksjonsleiar BUP Volda Kari Standal

HMR – Volda sjukehus ved seksjonsleiar DPS Hallgrim Myklebust

HMR – Volda sjukehus ved praksiskonsulent Stian Endresen

Brukarutvalet ved Asbjørn Ringdal Gausdal

Andre:

Britt Valderhaug Tyrholm, spesialrådgivar i Helse Møre og Romsdal

Koordinator Gro Anette Frøystad Voldsund, fagutviklingssjukepleiar i Herøy kommune

Sjukehusprest ved Ålesund sjukehus Odd Arne Skogen (sak 13/20)

Innovasjonsrådgivar Christer Jensen i Helse Møre og Romsdal HF (med på Teams i sak 15/20)

Forfall:

Mona Ryste, rådgivar stadleg klinikk ved HMR – Volda sjukehus (nestleiar LSU)

Renate Rossi-Kaldhol, kommunalsjef helse og omsorg i Herøy kommune

Aud Marie Åsen, kommunalsjef for helse og omsorg i Vanylven kommune

Inger Lise Kaldhol, kommuneoverlege i Volda kommune

Møteleiar: Nils-Arne Skagøy, leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Referent: Vegard Austnes, rådgivar i Sunnmøre Regionråd

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 11/2020: Velkomen til møte i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde.

Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Nils Arne Skagøy

Innkallinga vart godkjend. Det var ingen saker til eventuelt.

Sak 12/2020: Godkjenning av referat frå forrige møte nr. 1-2020 (14.02.2020)

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Nils Arne Skagøy

Referatet vart godkjend.

Leiaren for LSU Volda sjukehusområde viste til at det på førre møte (nr. 1/2020) vart bestemt at det skulle sendast eit brev til OSU om den polikliniske kapasiteten på søre Sunnmøre. Brevet vart lest opp på møtet.

Sak 13/2020: Ivaretaking av mindreårige etterlatne – eit samarbeid mellom HMR HF og kommunane. Ved sjukehusprest ved Ålesund sjukehus Odd Arne Skogen

Etter helsepersonellova § 10 b har helsepersonell plikt til å bidra til å ivareta mindreårige barn som er etterlatne etter foreldre eller søsken. Skogen har ansvar for sorgstøttarbeid for barn og unge.

Saka har vore opp i Overordna samhandlingsutval (OSU – sak 05/2020), som har rådd til at vert blir etablert eit partsamansett prosjekt som ser nærare på korleis ein organiserer dette arbeidet. Målet er at ein får eit felles ansvar for denne gruppa i både helseføretaket og i kommunane.

Skogen nemnde samarbeidsavtale mellom helseføretak og kommunar som ei moglegheit. Slik kan ein unngå at det er uklart kven som har ansvar.

Det manglar i dag samarbeidstiltak der mindreårige etterlatne kan møtast som gruppe. Helseføretak og kommunar må samarbeide for å få til dette. Største kostnaden går på fagfolk, t.d. sjukehusprest og helsepersonell (psykiatrisk sjukepleiar mfl.).

Konklusjonen i møtet var at Skogen lager til eit forslag til samarbeidsavtale mellom helseføretak og kommunar. LSU Volda sjukehusområde ser på arbeidet med ivaretaking av mindreårige etterlatne som viktig, og ønskjer ei rask forankring.

Skogen sin presentasjon følgjer vedlagd.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 14/2020: Nytt tilbud til kols-pasientar frå medisin i Volda. HMR – Volda sjukehus ved lungesjukepleiar Idun Bakke Liaskar

Kols-prosjektet tok til etter fagdagane i 2019. Liaskar tek kontakt med alle pasientar på medisinsk avdeling som er diagnostisert med kols. Dei vert m.a. tilbydd kurs, samtale med farmasøyt og ernæringsfysiolog, rettleiing av inhalasjonsteknikk og individuell tilpassing av oppfølging. Pasientar kan verte tilvist frå fastlege til medisinsk poliklinikk ved Volda sjukehus.

Frå samhandlingsutvalet vart det kommentert at prosjektet er godt tverrfagleg arbeid, og at det er eit mål at fagdagane skal føre til ny prosedyre slik som her. Det var forslag om å legge ut om informasjon på apoteka om tilbudet til kols-pasientar.

Liaskar sin presentasjon følgjer vedlagd.

Sak 15/2020: Tema videokontor. Moglegheiter for utviklingsprosjekt/forsking

Ved innovasjonsrådgivar Christer Jensen i Helse Møre og Romsdal HF

Jensen viste til at helsevesenet ligg bak andre bransjar når det gjeld digitalisering. Korona-pandemien har ført til ein stor auke i bruken av videokonsultasjonar.

Videokontor har vorte testa ut ved Molde sjukehus, og kjem snart på plass ved Volda sjukehus. Målet er å styrke pasienttilbodet og smittevernet, redusere reisebelastninga for pasient og redusere kostandar for pasient og føretak. Både innlagde pasientar og pasientar som må til sjukehus for å få tatt prøver kan nytte tilbodet.

Det kom spørsmål frå samhandlingsutvalet om personvernet kan vere i fare når ein nyttar videokonsultasjon. Jensen svarte at ein har kontroll på teknologien, m.a. står serverane i Trondheim.

Det vart stilt spørsmål om korleis ein kan nå ut til legekontora, og andre lokale for pasientbehandling, når det gjeld å ta i bruk videokonsultasjonar.

Jensen utfordra kommunane på søre Sunnmøre til å starte prosjekt for innovasjon i helsetenestene saman med HMR.

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 16/2020: Innlegging ø-hjelp

Ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

Til møtet var det ikkje nye tal frå Helsedirektoratet om innlegging ø-hjelp.

Tyrholm viste til at rata for innlegging på ø-hjelp i sjukehus hadde endra seg i Volda sjukehusområde. I 2015 var det høge rater for innlegging i aldersgruppa +80 år, men nedgang fram til 2019 var stor.

Det vart drøfta kva som kan vere årsak til nedgangen, mellom anna vart det nemnd:

- bevisstgjøring blant innleggande legar
- avklaringssamtale i høve til innlegging
- trygge, flinke heimesjukepleiarar gir betre avgjerder
- meir bruk av ØHD
- meir bruk av palliativ plan
- alderspsykiatriske team

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Sak 17/2020: Delplan den eldre multisjuka pasient

Ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

Ressursgruppa for pasientforløpet har justert mandatet. Læringsnettverket er avslutta. Framover vil ein arrangere faglege workshops m.m.

Mål og tiltak det er fokus på er

- samvalg («kva er viktig for deg»), dvs. styrke brukaren si rolle i pasientforløpet.
- dempe behovet for innlegging/reinnlegging i sjukehus ved å legge føringar for tidleg oppdaging av forverra tilstand.

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Sak 18/2020: «Innleggelsesrapport» og problemstilling frå avvikssystemet

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Nils Arne Skagøy

Utvalet hadde fått 2 saker til drøfting frå samhandlingsavdelinga i helseføretaket. Den eine saka gjaldt «innleggelsesrapport» og den andre var ei problemstilling frå avvikssystemet.

Utvalet meinte at kliniske samhandlingsutval er rett stad å drøfte ulike kliniske problemstillingar. Tilgjengeleg samhandlingsstatistikk kan seie noko om trendar. Problemstillingar som gjeld heile føretaket må drøftast i OSU for å lage eit felles system. Standardisering kan skje gjennom Helseplattformen. Forventningar når det gjeld «innleggelsesrapport» kan takast opp på dei faste legemøta.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 19/2020: Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.